



Åsane Byggmesterforretning AS  
Postboks 234 Ulset  
5873 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/5237 - 20/8880

Saksbehandlar:  
Hogne Askeland  
hogne.askeland@alver.kommune.no

Dato:  
19.02.2020

## Løyve til utslipp av gråvatn til tett tank - gbnr 330/2 Hestdal

Administrativt vedtak: **Saknr: 197/20**

Byggestad: Gbnr: 330/2  
Tiltakshavar: Åsane Byggmesterforretning AS  
Ansvarleg søkjar: Åsane Byggmesterforretning AS  
Type utslipp: Sanitært avløpsvatn med utslipp mindre enn 50pe  
Søknadstype: Forureiningslova § 11, jf. forureiningsforskrifta § 12-3

### Vedtak:

**Med heimel i forureiningslova § 11, forureiningsforskrifta § 12-5 vert det gjeve utslippsløyve for gråvassutslipp til tett tank på gbnr. 330/2 på følgjande vilkår:**

- 1. Det skal monterast tilstrekkeleg dimensjonert typegodkjent gråvasstank.**
- 2. Utsleppet frå eigedomen vert gitt for inntil 20 pe.**
- 3. Slamavskiljaren må plasserast slik at avstand til plass med moglegheit for parkering av tømmebil vere maksimum 100 meter, og botnen av anlegget må då ikkje leggjast lågare enn at løftehøgda til tømmebil (ikkje overstig 8 meter).**
- 4. Utsleppet skal til ei kvar tid tilfredsstillast krav i Forskrift om begrensning av forureining, §§ 12-7 til 12-13.**

### SAKSUTGREIING:

#### Tiltak

Saka gjeld søknad om utslippsløyve for gråvatn på gbnr. 330/2 Hestdal. I søknaden er det opplyst at utslipp av gråvatn frå mellombels brakkerigg for Meland vannbehandlingsanlegg vert ført til tett tank. Tanken vert utstyrt med alarm for å forhindre overløp. Det vil bli inngått avtale for regelmessig tømning og levering av vatn på godkjent mottak.

Storleiken til utsleppet er opplyst til 20 pe.

Det vert elles vist til søknad mottatt 17.01.2020.

### **Planstatus**

Eigedommen ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for KV. 1133 Myrvollane til Hestdal er definert som areal for offentleg eller privat tenesteyting.

### **Nabovarsel**

Tiltaket er ikkje nabovarsla i samsvar med forureiningsforskrifta § 12-4 nr. 2/§ 13-4 nr. 2.

### **Plassering**

Plassering og utsleppsstad er vist i kart vedlagt søknaden.

### **Reinseløysing**

Utslepp av gråvatn (vaskevatn) frå brakkerigg skal førast til tett gråvasstank på minimum 4 m<sup>3</sup>.

### **Drift og vedlikehald**

Tanken skal utstyrast med alarm for indikera når tanken er full, dette for å hindre overløp.

Det skal inngåast avtale for regelmessig tømning og for levering av vatn til godkjent mottak.

### **Privatrettslege tilhøve**

Avløpsanlegget er plassert på eigedom gbnr. 330/2 Hestdal. Det vert lagt til grunn at dei privatrettslege forholda rundt plassering av anleggsrigg og avløp er ivaretatt frå Egedomsforvaltningsavdelinga.

### **VURDERING**

Det er ikkje offentleg kloakkanlegg i området.

Søknad om utsleppsløype kan etter kommunen si vurdering godkjennast slik han ligg føre med utslepp til tett tank.

### **Plassering**

Plassering av anlegg og leidningsnett kan etter kommunen si vurdering godkjennast i samsvar med mottatt kart.

### **Nabovarsling**

Tiltaket er ikkje nabovarsla i samsvar med forureiningsforskrifta § 12-4 nr. 2/§ 13-4 nr. 2. Det er kommunens vurdering at nabovarsling kan utelatast i denne saka då dette er eit mellombels tiltak som skal vere frå 1. kvartal 2020 til 1. kvartal 2021. Tiltaket råkar ikkje ved naboar interesse i noko særleg grad.

### **Godkjenning etter andre lovverk**

Der er kommunens vurdering at tiltaket kan utførast utan søknad om tiltak etter Plan- og bygningslova jf. § 20-5 Tiltak som er unntatt frå søknadsplikt bokstav g) andre mindre tiltak som kommunen finner grunn til å fritta frå søknadsplikten.

Vurderinga er gjort ut frå at dette er et midlertidig tiltak og det vert utført ved at ein tett gråvasstanktank vert plassert utanfor brakkeriggen og vert tilkoplta til denne.

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

### **Klage**

Enkeltvedtak fatta i medhald av forureiningsforskrifta kapittel 12 kan klagast på til kommunestyret eller særskilt klagenemnd, jf. forureiningslova § 85 2.ledd og forureiningsforskrifta § 12-15. For enkeltvedtak fatta av kommunestyret er fylkesmannen klageinstans.

Enkeltvedtak fatta i medhald av forureiningsforskrifta kapittel 13 kan klagast på til Fylkesmannen, jf. forureiningslova § 85 2.ledd og forureiningsforskrifta § 41-5

Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reist søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klaga på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

### **Ansvar**

Anleggseigar er ansvarleg for at alt arbeid følgjer føresegner gjeve i eller i medhald av forureiningslova og plan- og bygningslova. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter forureiningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve.

### **Bortfall av løyve**

Er arbeidet med etablering av avløpsanlegget ikkje sett i verk innan tre år etter at løyve er gitt, eller vert arbeidet innstilt i lengre tid enn to år, fell retten til å etablere utslippet vekk, jf. forureiningsforskrifta § 12-5 4.ledd og § 13-5 4.ledd. Om utslipp framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn.

### **Tilsyn, endring og opphøyr av løyvet**

Kommunen er forureiningsstyresmakt og fører tilsyn med at føresegner, lovverk og vedtak fatta i tråd med forureiningsforskrifta kapittel 12 og 13 vert følgd.

Forureiningsstyresmakta har rett og plikt til å utføra tilsyn med avlaupsanlegga. Tilsynet vil kunna omfatta kontroll av anlegg si yting/funksjon og kontroll av kvalitet på utført sørvis og vedlikehald. Eigar av anlegget må dekkja kostnader knytt til tilsyn og kontroll, jf. forureiningslova kap.7.

Om utslippet fører til uventa forureiningsproblem, kan forureiningsstyresmakta oppheve eller endre vilkåra i utslippsløyvet, setja nye vilkår og om naudsynt kalla

tilbake løyvet i samsvar med forureiningslova § 18 og forureiningsforskrifta § 12-14 og § 13-17.

**Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/5237**

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Silje Haukedal  
Avdelingsleiar

Hogne Askeland  
Konsulent

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Åsane Byggmesterforretning  
AS

Postboks 234    5873  
Ulset

BERGEN